

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.11.2015

Aud Karin Oen sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

1. "Som innstillinga.
2. Kollektivfelt på 4-felts innfartsårer er naudsynt for å sleppa bussane fram. Fylkestinget ber om at SVV legg fram ein plan for korleis dette kan gjennomførast.
3. Fylkestinget ber administrasjonen leggja fram sak om kvifor ein ikkje nådde målet i belønningsordninga om redusert biltrafikk i Bergen med særleg vekt på korleis eit styrka kollektivtilbod kan sikra at måloppnåinga ikkje vert negativ framover.
4. Fylkestinget ber Bergen kommune om å vedta ein modell for prising av rushtidstrafikk som gjev ekstra inntekter til drift av kollektivtilbodet for arbeidsreisande som vert prisa ut.
6. Ein omfattande plan for satsing på trolleybuss vert lagt fram så snart råd er.
7. Sanntidsoversikt over køar med berekningar for forseinkingar av kollektivtilbodet – app og internett."

Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Oen sitt forslag punkt 2 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 3 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 4 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 6 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Oen sitt forslag punkt 7 fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstilling til fylkestinget

Fylkestinget vedtar Handlingsprogram 2016-2019 for Kollektivstrategi for Hordaland. Handlingsprogrammet dannar eit godt grunnlag for fylkeskommunen si satsing på kollektivområdet.